



BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
APRIL 2019**



KOMMUNEHUSET Tlf 51 20 11 00

Opningstider:

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

www.bjerkreim.kommune.no

DIM-RENOVASJON:

Returpant for glass og hermetikk finn du ved kommunehuset.

Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

BIBLIOTEKET Tlf 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Opningstider:

Måndag-tysdag-onsdag 15.00-19.00

Torsdag-fredag 12.00-15.30

Laurdag Stengt

Stengt onsdag før Skjærtorsdag og resten av påska.

NESTE NUMMER: kjem ut seinast

2. mai. Stoff til Bjerkreimsnytt må vere inne seinast 2. påskedag (22.04) kl 24.00 Skriv kort! Legg gjerne med bilete, helst i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til: postmottak@bjerkreim.kommune.no

FRAMSIDEFOTO: Skuleborn besøker kunstinstallasjonen laga av Elena Redaellis. Foto: Anne Margrethe Vikeså

UTGJEVAR: Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON: Ingunn Ognedal

TRYKKING: Jærprint

ANSVARLEG: Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVNING:

Vikeså Design og Profilerings

Kan lastast ned frå

www.bjerkreim.kommune.no

Vikeså taxi:
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE

GODE BJERKREIMBUAR

Sjølvs om vi har ei litt trist årstid - overgangen frå vinter til vår - er det mykje fint og interessant som skjer i kommunen.

Først vil eg gå tilbake litt i tid og berømme lærarane på Vikeså skule, med at dei lager ein fantastisk revy for ungdomsskuleelevar. Ein stor takk til dei for all den fritid dei brukar på dette - det skal øvingar til for å få det til. Men eg forstår at det betyr mykje for samholdet lærarane mellom, alle bidreg i ein litt uvanleg situasjon, viser nye sider av seg sjølv og er ikkje redde for å dumma seg litt ut. Eg trur også at det heile er ei stor oppleving for elevane, ikkje berre revyen som revy, men at elevane ser lærarane i ei anna rolle og ikkje bare som lærarar.

Eg var også ein av dei heldige som fekk vera med på UKM - Ung Kultur Møtes. Det var heilt fantastisk, heile 27 innslag, alt frå maling, dans, forskjellige instrument, song og skodespel. Ei stor oppleving der ungdommar i Bjerkreim fekk visa kor flinke dei verkeleg er. Gratulerer til dykk alle!

Og så har vi vore ein del av Dalane Kulturfestival. Det har vore utstillingar og arrangement av ulike slag ei heil veke til ende. Kunstinstallasjonen «Soft water» ved Svelavatnet bør flest muleg få med seg. Det er tekstilkunstnar Elena Redaelli frå Italia som er arkitekten bak dette, med god hjelp av elevar frå kulturskulen og andre. Så vil eg også nemna kunst som er laga av elevane på skulane, desse går det også ann å sjå ennå.

Det er verkeleg mykje kreativitet i Bjerkreim.

Stå på alle saman, og vær stolte av det de kan.

Ha ein fin vår!

Tolvjorn



POLITISKE MØTE FEBRUAR 2019

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider: www.bjerkreim.kommune.no

NB! Partia har gruppemøte måndag 1. april kl 19.00 og måndag 29.04 kl 19.00

LMT-utval: Onsdag 03.04 kl 19.00

Kommunestyre: Måndag 08.04 kl 19.00

Formannskap: Tysdag 02.04 kl. 19.00 og 30.04 kl 19.00

Kontrollutval: Måndag 29.04 kl 16.00


Levekårsutval: Onsdag 03.04 kl. 19.00



NAV BJERKREIM

Åpningstid: mandag, onsdag, fredag kl. 10.00–14.00

Besøksadresse: Nesjane 1, 4389 Vikeså



OFFENTLEG SYMJING

Velkommen til symjehallen på Vikeså skule kvar laurdag.

PRISAR:

Barn: kr. 20 (1 klypp)
Vaksne: kr. 40 (2 klypp)
Familie: kr. 80 (4 klypp)
Klyppekort: kr. 300 (20 klypp)
Billett kjøp i symjehallen.

LAURDAGAR (ekstra varmt vatn)

Kl. 10.00 - 11.30: Vaksne over 18 år
Kl. 11.30 - 12.15: Familiebading (garderobe frå kl. 11.15)
Kl. 12.15 - 13.00: Familiebading
Kl. 13.00 - 13.45: Familiebading

NB! Siste gong med offentleg symjing i vår er lørdag 6. april.

RESERVERE PLASS

Det heng lister i gangen frå kl 10.00 for å reservere plass på dei ulike familiegruppene laurdag.

Har du vanskar med å koma innom? Ring og reservér plass på tlf. 51 45 93 27. Hugs badehette. Bleiebarn må bruke badebleie.

NYE NETTSIDER FOR BJERKREIM KOMMUNE

I disse dager lanserer kommunen nye nettsider med ny grafisk utforming og ny struktur. Ta en titt på www.bjerkreim.kommune.no. Nettsidene er tilpasset PC, nettbrett og mobil.

Vi håper du vil like de nye sidene, og at du raskt finner den informasjonen du leter etter.

Vi arbeider hele tiden med å gjøre nettsidene best mulig for innbyggerne og setter pris på innspill og tips fra dere som bruker sidene.

Gi tilbakemelding om ting du savner, ris eller ros, ved å bruke tilbakemeldingsfunksjonen nederst på hver side eller sende en e-post til tbs@bjerkreim.kommune.no.

TILBUD I BASSENGET FOR 1. – 7. TRINN

Gratis svømmetilbud i bassenget på Vikeså skule mandager.

Siste gang med dette tilbudet i vår er 8. april:

Kl. 16.30 – 17.30 for 1. – 3. trinn

Kl. 17.30 – 18.30 for 4. – 7. trinn

De som ikke kan svømme, må ha følge i vannet. Dette er et svømmetilbud, ikke et tilbud om fri lek. Du skal øve på det du vil bli bedre på. Instruktører er til stede og veileder.



NY TURNUSLEGE

Ane-Rebekka Mikkelsen er ny turnuslege (LIS1-lege) ved Bjerkreim legekantor.



BJERKREIM HELSELAG

BINGO

kvar 2. onsdag i månaden i Børgestova
kl 13.30.

UTLEIGE AV DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.
Ta kontakt med Ingbjörg Vassbø,
tlf 51 45 22 37, mob 486 03 535.

HAR DU PROBLEM MED HØYREAPPARATA?

Vi sel batteri og kan elles gje råd
og rettleiing om du treng det. Siste
onsdagen i månaden (ikkje juli og des.)
er vi å finne i kantina i 1. etasje på
sjukeheimen frå kl 14.00 – 15.00

Marit og Toril (likemenn HLF)

INTERNASJONAL KVINNE- GRUPPE

Treff onsdag 10. april kl. 18.30-20.30,
på personalrom, barneskulen, Vikeså
skule.

Samlinger også 08.05 og 12.06.

Alle er hjertelig velkomne!

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør. Godt kledd.

Godt miljø.

Vanlegvis kvar 1. onsdag i
månaden. Avreise kl. 10.00
frå Esso, oppmøte litt før.

3. april går turen til

Syltreholen.

*Arr. Fellesrådet for eldre og
funksjonshemma*



PENSJONISTLAGET – GILDT SAMVÆRE !

Torsdag 25. april kl. 14.00 – 17.00.

Stad: Litlesalen, samfunnshuset.

Underholdning: Arnulf Fuglestad og Jon
Sjursen trekkspel, Niclas M. Albretsen
fele, Astrid Nordås song.

Kåseri v/Magnar Sandstøl.

Alle over 60 er velkomne!

Takk til SR-bank for sponning av
husleige.

Styret

NYTT SHOW MED BJERKREIM BRASS BAND

«TILBAKE TIL FREMTIDEN»

3., 4. og 5. mai

Mange solister, skuespillere og dansere.

Forhåndssalg av billetter på
Vikeså Veiservice fra 12.04.19

KRAFTTAK MOT KREFT

Takk til alle som tok så vel imot
bøssebærarane 13. mars. Dette gav eit
kjempeflott resultat! Heile kr 100 000
kom inn til vidare forskning på krefttypar
med låg overlevingsprosent. Til deg som
ikkje var heime denne ettermiddagen:
Du kan ennå bidra! Bruk Vipps nr.
491031 eller kontonr. 1503 07 66056
(kreftforeninga).

*Bjerkreim
bygdekvinnelag*

BJERKREIMS QUIZEN!

Onsdag 10. april kl. 19.30 – ei veke
tidlegare enn vanleg grunna påska.
Vikeså Veiservice.

Quizmaster: Ola Birkeland
4-mannslag – kr.20,- pr. pers. i
startkontingent.

TEMAKVELD:

«RIK BIBELBRUK»

Hans Johan
Sagrusten frå
Bibelselskapet
kjem til
Bjerkreim fredag
3. mai kl. 18.00 –
21.00. Meir info
neste nr.

*Arr. Bedehuset,
misjonshuset og
soknerådet.*



KRETSÅRSMØTE FOR ISRAELSMISJONEN

Sundag 7. april på Bjerkreim
Gudsteneste i kyrkja kl. 11.00 v/ Leif
W. Nilsen og Leiv Roald Thu. Song
av Marie Lovise og Ragnvald Leif
Immerstein.
Program på bedehuset
Kl. 12.45 – 13.30 middag. Påmelding.


Kl. 14.00 – 16.00 årsmøte
Kaffiservering og høve til å besøka
Trygve Bjerkreim-stova.
Kl 17.00 Misjons- og jubileumsfest.
Tale av Kristoffer Eknes. Song av
Egersund musikklag. Jubileumssinnslag og
misjonsinfo.
Alle er velkomne til å vera med heile
dagen!

FASTEAKSJONEN TIL KIRKENS NØDHJELPS ARBEID

Årets aksjonsdag blir tysdag 9. april og
tema er: «Vatn gjev liv.» For lite vatn og
forureina vatn tek ofte fleire liv enn krig.
Ta vel imot konfirmantane når dei kjem
frå dør til dør denne ettermiddagen og
kvelden. Takk for di gåve som kan gje ei
framtid utan fattigdom, sjukdom og naud.
Om de ikkje er heime, kan de gje ei gåve
med VIPPS til 2426 (valfritt beløp), eller
sende ein SMS med kodeordet VANN til
2426 (Beløpet blir her kr 200).

ÆTTESOGELAGET:

Om Vinje og om Migrasjon
Tid: Torsdag 4. april, kl. 19.00
Stad: Kommunestyresalen på Vikeså
Tora Åsland held foredrag om Åsmund
Olavson Vinje, om livet hans og som
nasjonsbyggjar. Tarald Oma fortel om
Norsk Migrasjonsforum





BERSELØPET

Søndag 28. april

Friidrettsgruppen inviterer til en fin gå- eller springetur i den 5,5 km lange løypen rundt Berse. Oppmøte og påmelding fra kl. 11 ved Bjerkreim bedehus.

Start kl. 13.00, påmelding senest kl. 12.00. Aktiv eller trimklasse.

Ingen rangering i trimklassen.

Alle i trimklassen under 14 år får medalje. Barn under 11 år, som ønsker å delta, kan springe sammen med en voksen. Tidtakingen under løpet stoppes etter 40 minutter.

Vi premierer 1.-3. plass for kvinner og menn i aktiv klasse med pengepremie. Forhåndspåmelding til g_vuale@hotmail.com innen 26. april.

Mulig å betale kontant, vipps #141157 eller til konto 3344 07 05907

AKTIV KLASSE

(FØDT 2005 ELLER TIDLIGERE)

Forhåndspåmelding

Inklusiv engangslisens	200,-
med helårslisens	170,-

AKTIV KLASSE

Påmelding samme dag

Inklusiv engangslisens	300,-
med helårslisens	270,-

TRIMKLASSE

(FØDT 2010 ELLER TIDLIGERE)

Forhåndspåmelding eller løpsdagen

Inklusiv engangslisens	100,-
med helårslisens	80,-

Friidrettsgruppen i Bjerkreim IL

LØPSKARUSELL

med oppstart rundt Berse

søndag 28. april.

Start ved oppmøte mellom kl. 11.00 og 12.30. For de barna som deltar i løpskarusellen: kr 150. Dette dekker alle løp i 2019.

Hva er løpskarusellen?

– Kanskje noe for deg?

Alle jenter og gutter fra 3 år og oppover kan delta på karusellen. Det blir arrangert fem løp ila vår/høst. For å få utdelt premien på karusellfesten 20. oktober må en ha deltatt fire ganger. Kan du ikke delta alle ganger, er det mulig å springe 2 ganger neste karusell løp.

Senere karusell løp blir annonsert i neste Bjerkreimsnytt og på facebook i gruppen Løpskarusell BIL friidrett

Friidrettsgruppen i Bjerkreim IL

KLUBBMESTERSKAP

3000m og 5000m

Torsdag 04.04., start kl. 18.30 (3000m) og kl. 19.00 (5000m).

Påmelding til g_vuale@hotmail.com før 04.04. eller ved oppmøte fra kl. 17.45.

Alle født 2004 og før er hjertelig velkommen og oppfordres til å komme, deltakelsen er gratis!"

Friidrettsgruppen i Bjerkreim IL

VIKESÅ MISJONSHUS

www.misjonshus.no

01. kl. 09.30 Knerten

03. kl. 20.00 Bønnesamvær

07. kl. 10.30 Søndagssamling m/ påskevandring

08. kl. 09.30 Knerten

08. kl. 19.00 Yngres og korvetten

10. kl. 18.30 Basar NMS

19. kl. 19.30 Langfredagsmøte

26. kl. 18.00 Vårfest SoulKids

27. kl. 09.00 Vårdugnad på Misjonshuset

28. kl. 10.30 Søndagssamling, bønn/lovsang kl. 9.45

BJERKREIM BEDEHUS

www.bjerkreimbedehus.no

1. kl. 19.00 Jentelaget

2. kl. 19.30 Bibelundervisning ved Asbjørn Handeland

5. kl. 19.00 Gutte- og jentelagsbasar kl. 21.00 Fredagstreff

7. kl. 12.30 Kretsårsmøte, Israelsmisjonen

8. kl. 19.30 Yngres

13. kl. 19.30 BKU - ungdomslaget

14. kl. 11.00 Endelig søndag

kl. 11.15 Søndagsskule

18. kl. 19.30 Skjærtorsdagsmøte, Imf

22. kl. 19.30 Påskemøte, NLM

26. kl. 19.30 Møte, KMM

29. kl. 19.00 Jentelaget

BASAR - VIKESÅ NMS

Vikeså NMS har basar

på Vikeså Misjonshus

onsdag 10. april kl. 18.30 (merk tida!).

Andakt ved Åsmund Steinnes.

Song og musikk.

Åresal og hovedtrekning.

Velkommen!

KRISTEN MUSLIMMISJON

Elsa og Gudleik deltek med song og tale på desse møta kl. 19.30:

Onsdag 24. april = Espeland

Forsamlingshus Torsdag 25. april =

Eikeland Grendahus Fredag 26. april =

Bjerkreim Bedehus

Sundag 28. april talar Bjørn Rott på

føremiddagsmøtet på Vikeså Misjonshus.

Misjonsinformasjon og offer til KMM



VELKOMEN TIL
GUDSTJENESTE

Sundag 7. april kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje. Takoffer: Israelsmisjonen. Song: Marie Lovise og Ragnvald Immerstein

Palmesundag 14. april kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Ivesdal kapell.

Takoffer: Normisjon. Song: Hege Tengesdal

Torsdag 18. april kl. 11.00.

Skjærtorsdagsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Takoffer: Misjonsprosjektet.

Song: Yngvar Nilsen

Fredag 19. april kl. 11.00.

Langfredagsgudsteneste i Ivesdal kapell.

Song: Ola Birkeland og Valborg Bakke Bjerkreim

Påskedag søndag 21. april kl. 11.00.

Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Takoffer: NMS. Song: Bjerkreim syngjande kameratar

DØYPTE

10.03.19 Emil Bjerkreim

DØDE

09.03.19 Ingvar Eikeland

11.03.19 Gjertrud Synnøve Tekla

Hovland

14.03.19 Astrid Gjedrem Tengesdal



Påskemorgon

Då eg budde i Vadsø, hende det at eg måtte ta morgonflyet til Tromsø og bispekontoret der. Då stod eg opp kl 4 om natta og steig om bord i flyet litt før kl 6. Noko av det flottaste eg opplevde, var dei gongene eg fekk oppleve soloppgangen i det flyet hadde tatt av og brøyt seg veg gjennom skylaget.

Det er ein slik morgon kvinnene kom til Jesu grav tidleg om morgonen for 2000 år sidan og. Kva var det dei opplevde?

I nyhendinga skjer det ei skjeldan gong at me kan lese om hærverk på ein eller annan kyrkjegard, eller ved eit minnesmerke. Det var det fyrste kvinnene tenkte på då dei kom til Jesu grav: Nokon har skamfare grava og teke Jesus ut. Men så granskar dei det som har skjedd. Joda, Jesus er ikkje lenger i grava, og det har heller ikkje skjedd ei gravskjending. Noko utruleg har hendt: Jesus er ikkje lenger død. Han har stått opp igjen. Slik han sa.

Me kan koma til å seie «Nå trur eg ikkje mine egne auge!» Det starta kanskje sånn for kvinnene også. Men etter å ha møtt engelen, og truffe Jesus sjølv, var det akkurat det dei gjorde: «Nei, vettu, dette er ikkje dikt eller sagn eller eventyr, det er sant. Me har sjølve sett at Jesus lever! Det er sant! Halleluja». Dei såg. Og dei trudde.

Å sjå morgonsola frå flyet over Finnmark får meg gong på gong til å tenke på påskemorgon og hendingane der. Sterke opplevingar. Som sett seg for livet. Eg ser. Eg trur. Det er sant. Halleluja.

God påske.

Soknepresten

FJERNING AV VINTER- DEKKET PÅ GRAVPLASSANE

Søppelstativa på Bjerkreim kyrkjegard vert tømt kvar dag. Vinterdekket kan derfor leggst oppi – evt ved sida av. På Ivesdal er avfallsskase plassert til venstre etter inngang ved ny port (v/ bårhuset)

VEDLIKEHALD AV GRAVMINNE.

Det er familien, v/ festar, som pliktar å halda ei grav i hevd. Festar er ansvarleg for at gravminnet ikkje er til fare for dei som ferdast på gravplassen – m.a.o. ansvar for sikring og vedlikehald av gravminne. Kyrkjevevje oppmodar alle til å kontrollere at gravminna er sikra med 2 boltar. Hugs òg vedlikehald av gravminna; t.d. oppfrisking av inskripsjon, fjerning av grønske og mose. Inskripsjonen skal vera synleg. Fleire gravminne står skeivt og må rettast opp.

VÅRKONSERT

Velkommen til vårkonsert i kyrkja torsdag 9. mai kl. 19.00.

- Chorus frå Egersund
 - Tirla
 - Vikeså Pre Soul
 - Opplesing av Gunnhild Vassbø
 - Allsong
 - Konserten vert leia av Astrid A Vassbø
- Fri entré

KONTAKTINFO KYRKJE- KONTORET:

E-post: post@bjerkreimkyrkja.no

Besøksadresse: Nesjane 5

(misjonshuset)

Tlf kyrkjevevje: 51201198

Tlf prest: 51201197

Tlf menighetsarbeider: 51201195

Sekretær 51201119

Organist 99252934

Kontortider:

Mån-, tys- og torsdag kl. 08.00 – 15.00

Fredag kl. 09.00 – 14.00

Elles etter avtale

E-post: post@bjerkreimkyrkja.no

Heimeside: bjerkreimkyrkja.no

Facebook: [@bjerkreimkyrkja](https://www.facebook.com/bjerkreimkyrkja)

[@Bjerkreim sokn](https://www.facebook.com/bjerkreim.sokn)



INVITASJON TIL MAD-KONFERANSE

Forbrukarane vil ha meir lokalprodusert mat. På konferansen **29. april** på Moi vil du få lære meir om kundefokus og salskanalar.

Lokalmat sel! Men korleis? Kva for triks og kanalar kan vi bruka for å skapa lønsemd, effektiv distribusjon og eit breitt utval? Og kva fungerer «eigentleg»?

Konferansen vil ha inspirerende føredrag og gode diskusjonar heile dagen, med bl.a. den verdskjende kokken Charles Tjessem, fjell-bonde Knut Ødegaard frå Stølsvidda, Bondens Marked Norge med Randi Ledaal Gjertsen og Ken Bakke frå PlayDesign Studio.

Matentusiastar frå heile Rogaland er velkomne til Moi 29. april kl. 9.00 – 17.00 på Lundetun, Stasjonsveien 7. Påmeldingsfristen er 10. april.

Pris: Kr 750 inkl. 2 retters lunsj.

Meir informasjon på <https://lundnu.no/mad2019>

SMIL OG DRENERING

Alle som heretter vil søkje om SMIL-tilskot og tilskot til DRENERING må søkje digitalt via ID-porten/Altinn. Rettleiingar og forklaringar ligg inne i sjølve søknadssystemet.

Enklaste måten å kome inn i søknadssystemet på er å gå via Bjerkreim Kommune si heimeside: www.bjerkreim.kommune.no. Når denne artikkelen har kome på trykk har Bjerkreim kommune fått nye nettsider og der har vi laga

til diverse linkar som kan brukast for å søkje tilskot. Du finn fram til LANDBRUK på desse sidene og brukar menyane for å finne fram til SØKE OMTILSKOT. Når du finn dette ligg det linkar/snarvegar til korleis du går vidare inn på sjølve søknadsordningane og korleis du kan søkje.

Dersom du ikkje vil søkje sjølv men treng hjelp av oss på landbrukskontoret f.eks med å lage grøftekart så må du ta med Bank ID brikka når du kjem innom oss. Vi må poengtere at det er viktig å ta med ID-brikka eller tilsvarande, f.eks ark med pin-kodar for pålogging for at vi skal kunna hjelpa deg med sjølve søknaden.

PÅ KOMMUNEN SINE HEIMESIDER

under LANDBRUK vil det liggja rettleiing og linkar for å søkje på dei fleste ordningar som kommunen forvaltar innan landbruket. Det vil vera enkelt å bruka denne metoden også når du skal søkja om produksjonstilskot, RMP tilskot eller andre ordningar. Der ligg det også mykje anna nytting informasjon til deg som bonde, og vi vil rå deg til å gjera deg kjent med innhaldet.

Dersom du har tips til informasjon som burde vore med, og / eller finn feil med den informasjonen som ligg der, er det fint om du tek kontakt med oss.

LEMMING

Svein Olav Tengesdal er ikkje å treffa på kontoret i perioden 1. april til 12. mai. Då tek han fri for å ta seg av lemming og våronn heima på garden. Lukka til alle saman med lemminga!



INFORMASJON



Befaring og tilbud: 954 27 311

PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804





ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Gitar og Handverk DA

*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreparasjoner og rekvisitasalg.*

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no
e-post: gitar-handverk@hesbynett.no

Kraftverket treningssenter

BLI STERK I MAGE OG RYGG?

Prøv pilates!

www.kraftverket-as.no/timeplan



VEL MØTT TIL NYTT LEGEKONTOR I VIKESÅGATA 57A!



**coop
extra**



COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
SOMMERÅPENT FRA 01.04:
MAN-TORS 08.00-18.00
FRE 08.00-19.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



NÅ ER FLÅTTSESONGEN I GANG;

ta kontakt for resept på forebyggende midler!

Heste- og stordyrpraksis: Tore Malmei 900 59 222
Maren Ommundsen Tuen 958 99 462
Kontortid: 08.00 - 09.30 Telefon 51 49 13 04

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså Tlf. 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinerings
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr
Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL 23.00 HVER DAG



**VIKESÅ
VEISERVICE AS**

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!